Kvam herad

www.kvam.no

# Presentasjon trygt og godt barnehage- og skulemiljø

HST 20.03.2025

# Råd frå mobbeombod og kompetansemiljø i arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø

- **HST-vedtak 14.06.2022 – inntil 500 000 til kjøp og igangsetting av eit førebyggjande** haldningsprogram
- Orientering til HST i september 2022 om kva råd Mobbeombodet i Vestland og Læringsmiljøsenteret v/Guttorm Helgøy tilrår Kvam herad å setja i verk av tiltak:
  - Ha blikk på heile døgnet, **«24 timars barnet»** då mykje av kjelda til utrygt skulemiljø har skjedd/skjer utanom skuletid
  - **Samfunnsansvaret -** Involvering og ansvarleggjering av føresette og fritidsaktørar er sentralt.

## Råd frå mobbeombod og kompetansemiljø i arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø-konkrete tiltak skulane bør byrja med

| Løfta fram aktivitetsplikta – alle vaksen må vera trygge på aktivitetsplikta | X |
|---|---|
| **Ressurspersonar** på kvar skule med spisskompetanse -miljørettleiarane får kopmetanseheving( mobbeombodet og Guttorm Helgøy) | X |
| Gjennomfører **Udir sine kompetansepakkar for trygt og godt skulemiljø** | X |
| Bruk av **kartlegging og observasjonsverktøy** som førebyggjande tiltak i «fredstid» | X |
| **Systematisera undervisningsopplegg innan folkehelse og livsmeistring 1.-10. trinn.** Tema: rus, mobbing, nettvett, venskap og gode val. | X |
| **Avklara roller** inn i det førebyggjande arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø mellom helsesjukepleiarane og skulane | X |

# Barnehageloven

I 2021 kom kap. 8 i barnehageloven - "Psykososialt barnehagemiljø".

**§41 -** Nulltoleranse og førebyggande arbeid

**§42 -** Aktivitetsplikt - Plikt til å sikra at alle barn har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø

**§43 -** Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein tilsett krenker barn



# Plan for å sikra trygt og godt barnehagemiljø

- Informasjon, verktøy og prosedyrar for kva personale skal gjera
- Barnehagane har alltid jobba førebyggande mot mobbing, utestenging, krenkingar og å stogga negative hendingar
- Før: meir rett på tiltak utan systematisk dokumentasjon og undersøking av det som vart gjort
- I dag: større fokus på dokumentasjon, observasjon, dialog, barn vert høyrt, brukar tid
- Alle situasjonar er unike og krev tilpassa tiltak, difor må saka alltid undersøkjast og analyserast grundig
- Barnehagen må bruka profesjonelle skjønn og vurdera kva som er til barnet sitt beste
- Fast personale vert med tida tryggare og får meir kunnskap. Det tar tid å få lik forståing for lovverk, jobba systematisk, sikra opplæring og jobba på nye måtar. Ein vil ikkje sjå resultat med det same


Kvam herad

**Psykososialt barnehagemiljø**

Lov om barnehage kap. 8

Plan for å sikre trygt og godt barnehagemiljø i barnehagane

Revidert 27.08.24

# Opplæring

- Me har fått opplæring av eksterne og interne t.d. Barnehagemynde og Mobbeombodet
- To gongar i året jobbar personale med trygt og godt barnehagemiljø i kompetansepakkar gjennom Udir
- Sjå barnet innanfrå (SBI) - Alle tilsette har fått opplæring i å sjå barnet innanfrå i utgangspunkt i tryggleikssirkelen og Circle of security (COS). Det gjev tilsette verktøy til å betre forstå kva behov barn har, kva signal dei gjev og kva vaksne kan gjera for å møta desse behova
- Betre tverrfagleg innsats (BTI) – Me har sidan 2020 arbeidd etter BTI-modellen (Betre tverrfagleg innsats) for å ha felles språk og felles handlingsrettleiar for korleis me handterer tidleg oppdaging av grunn til uro og for god og systematisk oppfølging
- Stine Sofie barnehagepakke – Auka kunnskap om oppdaging og handtering av bekymringar knytt til vald og overgrep mot barn. Me har fått eit pedagogisk verktøy med bilete og plansjar som barnehagane brukar. Barna lærer ord og omgrep, kva som er lov og ikkje, om god og vond berøring, m.m.
- Årleg arbeid med Snakke med barn og Trygg til handling - RVTS
- Lågterskelrundar – Barnehagen drøftar med PPT, på individ- og gruppenivå
- Spesialpedagogar – Gjev rettleiing til avdelingar innan m.a. organisering, gruppedeling og handtering av konfliktar
- Helsestasjon – Fast årlege møter med helsesjukepleiar og lege
- Konsultasjonsteam – Drøftar bekymringar ved behov

# Viktige faktorar for trygge barn i barnehagen

- Personale med kompetanse
- Trygge og stabile vaksne
- God relasjon mellom barn og vaksne
- Klar og vennleg vaksenrolla
- Tydelege forventningar
- Gje positiv merksemd til positiv åtferd
- Sjå den enkelte, sei hei, inkludera i leik, lytta til den enkelte, m.m.
- Vera tett på, tilstades og tilgjengeleg
- Vera gode rollemodellar og støttande stillas
- Godt samarbeid med heimen
- God informasjonsflyt

# Førebyggande arbeid

- God og jamleg dialog med føresette, dagleg, på foreldremøte og foreldresamtalar. Minna dei på at dei, på lik linja med personale, er rollemodellar for barna
- Aktivt samarbeid med Samarbeidsutvalet (SU)
- Tema om vennskap og inkludering på foreldremøte. Foreldretips om vennskap. 1.*Snakk hyggeleg heime! 2.Leik på kryss og tvers! 3.Syt for at alle blir inviterte! 4.Hjelp barna å vera modige! 5.Ver open, positiv og lyttande!*
- Korleis barnet har det i barnehagen og korleis barnehagen jobbar for å skapa eit inkluderande miljø i barnehagen er tema på foreldresamtalar
- Barnesamtalar
- Spesialpedagogar i barnehagane jobbar med tidleg innsats
- Tilpassar aktivitetar og tema ut frå barn sin alder og interesser
- Gruppedeling
- Leikegrupper
- Språkgrupper
- Alle med – verktøy for å få eit heilskapleg bilete av barns språkutvikling, leik, sosioemosjonell utvikling og kvardagsaktivitetar
- Leikbasert læring med skulestartarane
- Kartlegging for å sikra god kontakt mellom vaksen og barn
- Sol tankar – gripa barn i å gjera positive handlingar mot andre og synleggjera det
- Fast tema på interne møte
- Les bøker om vennskap, gode og vonde tankar, setje ord på følelsar, m.m.
- Språkopplæring og morsmålsassistent i 3 månadar
- Leiar for barnehage etterspør, årleg, arbeid med trygt og godt barnehagemiljø
- Opplæring av vikarar og nytilsette

# Kva skjer dersom barn ikkje har det trygt og godt i barnehagen?

- Styrar får melding om at barn ikkje har det trygt og godt
- Sikrar eventuelle strakstiltak
- Fyller ut skjema med informasjon frå meldar og vidare arbeid med ansvar. Undersøkingar skal gjerast innan 2 veker
- Dialog med barn og føresette
- Fylle ut skjema om kva undersøkingar som er planlagt, samtalar med barn/føresette/personale, observasjonar
- Orientering til føresette om utvikling i saka, involvering i drøftingar og evaluering av tiltak og oppfølging
- Dersom ein konkluderer med å gå vidare skal det fyllast ut aktivitetsplan der ein beskriv barnet/føresette si oppleving og barnehagen sine observasjonar, tiltak, mål og plan for evaluering
- Arbeidet er ikkje ferdig før barnet opplever det trygt og godt i barnehagen
- Utfylt skjema vert lagt i barnet si barnehagemappa

# Risikofaktorar

- Høgt fråvær av faste tilsette
- Ikkje nok bemanning på jobb
- Vanskeleg å få tak i personale og personale med kompetanse
- Få vaksne med barna gjennom heile dagen (bemanningsnorma)
- Aktivitetsplanar er utfordrande å følga opp ved fråvær av fast personale

→Me får ikkje jobba systematisk nok med tidleg innsats slik at me førebygger mobbing

# Førebyggjande arbeid

- *BTI vert brukt ved uro for barn. [Kvam – BTI – Betre tverrfagleg innsats for barn og unge i Kvam herad](Kvam – BTI – Betre tverrfagleg innsats for barn og unge i Kvam herad))*
- *Fast kartleggingsplan av trygt og godt skulemiljø frå 1.-10. trinn med eigne skjema.*
- *Førebyggande plan for trygt og godt skulemiljø.*
- *Undervisningsopplegg for folkehelse og livs-meistring 1.-10. trinn, med tema som nettvett, rusførebygging og mobbing. (Føredrag, temadag om inkludering, gute- og jentegrupper, friminuttsaktivitetar, aktivitetsdagar osv.)*
- *Kvalitetsdialogar mellom skuleeigar og skuleleiiing på kvar skule tre gonger i året kor resultat frå kartleggingar fagleg og trygt og godt skulemiljø er tema. Eit av desse dialogane er og utvida med elevmedverknad.*
- *Trygt og godt skulemiljø er tema på rektor sitt møte i utviklingstida på skulane og på rektormøte for rektorane i heradet.*
- *Trygt og godt skulemiljø er fast sak på  trinnmøta på skulen ein gong i veka.*
- *Skulemiljø er tema på elevrådsmøta ved jamne mellomrom.*
- *Opplæring til tilsette om god start og korleis utføra aktivitetsplikta.*
- *Miljørettleiarar som har ekstra kompetanse på skulemiljø og hjelper til med førebygging og i sakene som oppstår- rolleavklaring*

# Kvalitetsdialogar

1.**Skuleeigar og skuleleiing;** Leiing og styring gjennom å avklara mål, ambisjonar og forventingar til skulen på sentrale indikatorar for elevane sin trivsel og læring, knytt til strukturkvalitet, prosesskvalitet og resultatkvalitet

2. **Skuleeigar og skuleleiing**; drift av skulen og økonomi. Leiarstøtte og sparring i open dialog til gjennomføring av strategiar og tiltak, sjå på strukturar og rammer for kvalitetsutvikling

3. **Skuleleiing, tillitsvalt, lærarar og elevar;** igenvurderinga vert knytt til resultat og analyse av elevane sitt læringsmiljø, samt skulen sitt arbeid med kvalitetsutvikling.



# Førebyggande plan Strandebarm skule

Tydeleg ansvar og systematisk arbeid

Nulltoleranse for mobbing og krenkingar

Elevmedverknad og førebygging i praksis

Oppfølging og evaluering

| Tiltaket er | Aktiviteten er | Når skjer det | Kven har ansvaret | Oppfølging og evalu-ering |
|---|---|---|---|---|
| **Nytta skulereglane ved Strandebarm skule** | Gjennomgang av skulereglane, gjera kjent og vurdera innhaldet, framlegg til endringar:<br>• For personalet<br>• I klassane<br>• Elevrådet kjem med innspel<br>• FAU<br>• SU-SMU | <br><br><br>Aug<br>Aug<br>Aug<br>Aug<br>Sept | <br><br><br>Rektor<br>Kont.l<br>Rektor<br>Rektor<br>Rektor | |
| **Plan for miljøpost i alle friminutt** | Godt nærvær av vaksne å skulen sitt område.<br><br>**Instruks:**<br>Det er utarbeida ein inspeksjonsinstruks for heile skulen. Denne skal gjerast kjent for alle tilsette som har inspeksjon.<br><br>**Miljøpostplan:**<br>Det vert sett opp miljøpostplan. Denne må gjerast kjent for alle som går miljøpost, og reviderast ved behov gjennom skuleåret. | I alle friminutt/ før skulen<br><br>August | Rektor | |
| **Trivselsleiarar** | Inkluderande og TL-styrte aktivitetar i matfriminuttet alle dagar. | Mat-friminutta | TL-ansvarleg og rektor | |
| **Miljørettleiarar på skulen** | Har eit eige ansvar for overgangar og at sårbare elevar vert særleg sett og følgt opp. Deltek ute i friminutta.<br><br>Har eit utvida ansvar for å følgja med, gripa inn, undersøkja når ein er uroa for eit barn. | I friminutt og timar der det er behov. | Rektor og miljø-rettleiiar | |
| **Autoritativ** | Trygg, tydeleg og varm klasseleiing i alle | I alle timar | Alle | |

# *Undervisningsopplegg for folkehelse og livs-meistring 1.-10.*

| | | | kompetansemål i høve tema: | |
|---|---|---|---|---|
| 1. trinn | Spesiell fokus august/ septem ber | **KLASSEMILJØ/ MOBBING:**<br>Mål: eleven kan ta gode val<br>arbeid heile skuleåret, særleg ved oppstart. Fokus på relasjonsbygging i klassen.<br><br>Nøkkelord:<br>samarbeid;<br>- eg er hjelpsam og venleg<br>- eg forstår skildnaden på ditt og mitt<br>- eg er flink til å lytte til andre<br>- eg kan følgja reglar<br><br>sjølvhevding og sjølvkontroll;<br>- eg vågar å vera meg sjølv<br>- eg veit kva eg er god til<br>- eg kan sei «nei» dersom nokon spør meg om å vera med på dumme ting<br><br>empati:<br>- eg er ein god venn<br>- eg kan setja meg inn i andre sin situasjon<br>- eg kjenner kjenslene mine<br><br>vise ansvar;<br>- eg føl reglane til klassen og skulen<br><br>Nettvett nøkkelspørsmål :<br>• korleis og når legg me bort digitale einingar<br>• korleis arbeider me oss trygt på internett<br>• stopp og tenk: korleis kan me vera trygge, ansvarsfulle og respektfulle når me er på nett | Kompetansemål etter 2. trinn:<br>• norsk<br>• samfunnsfag<br>• engelsk | https://www.uis.no/nb/laringsmiljosenteret<br><br>https://smartoppvekst.no/<br><br>https://www.linktillivet.no/ressurser.php<br><br>https://www.unicef.no/skole<br><br>https://www.reddbarna.no/skole/<br><br>https://www.jegvet.no/<br><br>https://www.blakors.no/ressursbank/barneskole/<br><br>https://brukhue.no/<br>– gratis undervisningsopplegg om nettvett og nettmobbing<br><br>https://nettvett.no/<br><br>https://www.politiet.no/rad/trygg-nettbruk/<br><br>https://www.determittvalg.no/<br>- eit opplegg frå Lions Quest. Tilgang til opplegget får ein ved å ta del i eit 2 dagars kurs. Fleire skular har bøker liggjande. Har opplegg i høve førebyggjande rusmisbruk<br><br>https://vfb.no/produkter-og-tjenester/skoleprogrammer/zippy/implementering/<br>- krev at skule/ kommune har avtale, krev kurs |

# Kartleggingsplan 1-10

Skulen treng å vita :

- korleis elevane har det
- kva relasjonar elevane har seg imellom
- kva relasjonar me tilsette har til elevane
- kva elevar som evt. er i faresona for å ikkje verta inkludert
- kven er ressurspersonane i klassen osb.
- Gjennomføring 2 gonger i året

| Trinn | Haust | Vår |
|---|---|---|
| 1.trinn: | - Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev<br>- Sosiogram<br>- Bussen | - Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev<br>- Sosiogram<br>- Bussen |
| 2. trinn: | - Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev<br>- Bussen<br>- Sosiogram | - Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev<br>- Sosiogram<br>- Bussen |
| 3.trinn: | - Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev<br>- Sosiogram<br>- Dette passar best (smiljefjes) | - Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev<br>- Sosiogram |
| 4. trinn: | - Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev<br>- Sosiogram<br>- Dette passar best (smilefjes) | - Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev<br>- Sosiogram<br>- Dette passar best (smilefjes) |
| 5. trinn: | - Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev<br>- Dette meiner eg om klasser (avkryssing)<br>- Sosiogram | - Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev<br>- Sosiogram<br>- Dette meiner eg om klassen min |
| 6. trinn: | - Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev<br>- Sosiogram<br>- Aude øy | - Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev<br>- Sosiogram<br>- Dette meiner eg om klassen min (avkryssing) |
| 7. trinn: | - Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev<br>- Sosiogram<br>- Dette meiner eg om klassen min (avkryssing) | - Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev<br>- Sosiogram |
| 8. trinn: | - Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev<br>- Sosiogram<br>- Dette meiner eg om klassen min (avkryssing) | - Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev<br>- Aude øy<br>- sosiogram |
| 9. trinn: | - Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev<br>- Sosiogram<br>- Dette meiner eg om klassen min (avkryssing) | - Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev<br>- Aude øy<br>- Sosiogram |
| 10. trinn: | - Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev<br>- Dette meiner eg om klassen min (avkryssing) | - Relasjonskartlegging mellom tilsett og elev<br>- Sosiogram |

# Når det ikkje er eit trygt og godt skulemiljø

- *Ein har konkrete rutinar og skjema for å ivareta aktivitetsplikten ved brot på rett til og godt skulemiljø.*

➢ *plikt til å følgja med*

➢ *Plikt til å gripa inn*

➢ *plikt til å melda frå*

➢ *setja i gang undersøkingar*

➢ *Plikt til å setja inn tiltak (aktivitetsplan)*

- *Rutine for når rektor skal varsla skuleeigar i vanskelege saker.*

# Aktivitetsplikt



# Kvifor vert skulemiljøsaker vanskelege?

- Skjult/Oppdaga seint/ skambelagt= snitching
- Utrygge miljø/ kampen om å høyra til (manglande «gyldig ME»)
- Ikkje handtert rett (kjenn barn og unge sine rettar)
- Skifte av mannskap- mangel på vikar
- Utanforskap på andre arenaer enn skulen (fritid/ SoMe)
- Ikkje felles forståing for kva som er akseptabel åtferd- konsekvensar
- Utfordrande samarbeid heim- skule og heim- heim (skap god dialog med heimane)

# Overordna del, punkt 3.5 LK 20

*«Ein lærar er ein rollemodell som skal skape tryggleik og rettleie elevane på ferda deira gjennom opplæringa. Læraren er avgjerande for eit læringsmiljø som motiverer og bidrar til at elevane lærer og utviklar seg. Det krev at læraren viser omsorg for kvar enkelt elev.*

*Det inneber òg å hjelpe elevar som tek uheldige val, ikkje kjenner seg inkluderte eller som strevar med å lære det som er ønskt og forventa».*

# Kva skulane i Kvam må jobba meir med:

- Implementering av gode rutinar og system- **langsiktig arbeid!**
- Tiltakstrapp teke i bruk for alle skular og gjort kjend for alle elevar og føresette – kjenna til skulereglane
- «God start», «stopp- samtalar» og øving på korleis møta utfordrande åtferd i alle klassar/ skular
- Definera akseptabel og uakseptabel språkbruk saman med elevar og føresette
- Sosiale mål og undervisningsopplegg for folkehelse og livs-meistring 1.-10. trinn (nettvett, rusførebygging og trygt og godt skulemiljø.) inn i fag og skulekvardagen.
- Vurdera bruk av Spekter- undersøking ved mobbing/ utrygt skulemiljø
- Inkluderande undervisning og auka elevmedverknad
- Vidareutdanning for leiarar innanfor skulemiljø (Udir)

# 24-timarsbarnet og «det gyldige vi»



# Oppvekstplanen




[Kommunedelplan for oppvekst]



# 7 Beskyttande faktor 4: Mangfald vert sett på som ein ressurs

Det er kjekt at me er ulike. Me har alle våre draumar og våre eigne rom. Men dette har me felles i kommunen vår: Me bur i Kvam og me er kvemmingar.

Somme kan finna slekta si i ti ledd bakover i *Ættabok for Kvam*, andre har eit namn som det er rettast å skriva med eit anna alfabet. Mange barn og unge i Kvam fortel om sterke og djupe opplevingar i naturen, mens andre ikkje kan tenkja seg noko meir unødvendig enn å gå til

# Plan for førebyggande arbeid i Kvam 2023- 2027

## Temaplan

Vedteken av Kvam heradsstyre 3. oktober 2023




## Kapittel



1 Innleiing →

[Plan for førebyggande arbeid barn og unge](#)

# Framtidig organisering av førebyggande arbeid



# Førebygging gjennom fritid

Kunnskapsbasert, heilskapleg og metodisk

Empirisk fundert:
Basert på medverknad og tett på praksis

Fritidsarenaen som beskyttande faktor mot utanforskap

Arbeidsmodell for Kvam

Basert på tverrsektoriell forankring og eigarskap

Universelt innretta:
felles plattform som utgangspunkt for universell og selektiv førebygging

- Fritidskortet og Fritidskortet pluss
- BUA
- Oversikt over fritidsaktivitetar
- Fritidsmesse
- Open hall
- Ung fritid ferie
- Ungdomsbasen

# Opplevde hindringar for deltaking på fritidsarenaen i Kvam :




- Føler at ikkje eg passar inn
- Har ingen å gå med
- Fritidsaktiviteten min har låg status
- Har ikkje råd til utstyr og turar
- Kjenner på prestasjonspress
- Kan ikkje delta grunna funksjonsnedsetjing
- Manglar transport til aktivitet
- Får ikkje oppfølging av foreldre







# Plenumssamtale

*- Korleis kan me som trygge vaksne bidra til at alle får vera med i gode fellesskap?*

Opplevde hindringar for deltaking på fritidsarenaen i Kvam :

- Har ikkje råd til utstyr og turar
- Føler at ikkje eg passar inn
- Har ingen å gå med
- Fritidsaktiviteten min har låg status
- Kjenner på prestasjonspress
- Kan ikkje delta grunna funksjonsnedsetjing
- Manglar transport til aktivitet
- Får ikkje oppfølging av foreldre